



Sirdal kommune

Sinnes skule

Medlem i SMU Sinnes

DERES REF: VÅR REF: SAKSBEHANDLER: ARKIVKODE: DATO:
15883/2015 - 2012/450 Åse-Berit Fidjeland A20 24.11.2015

REFERAT SMU-MØTE 24.11.15

Til stades: Anders Tjørhom, Gro Nilsen, Birgitta Tjørhom, Kari Andersen, Geir Hovland, Stian Hiim, Tøri Ådneram, Erik Kvæven og Åse-Berit Fidjeland

Fråverande: Hilde Sinnes og Magne Tjørhom

Sak 11/15: Godkjenning av referat
Ingen merknader.

Sak 12/15: Kort om Elevundersøkinga i 10. klasse
Rektor hadde ikkje kopla at med under fem (5) elevar i klassen, vert resultata på Elevundersøkinga prikka ut, og at me dermed ikkje får noko resultat frå 10. klasse. Me kan sjå utviklinga i kommunen, og tala blir ein del av den nasjonale statistikken. Rektor prøver å ringa rett person i Utdanningsdirektoratet for å høyra om det er mogleg å få informasjon likevel.

Rektor informerte om at ein diskuterer på Tonstad skule om ein skal la vera å gjennomføra den lokale trivselsundersøkinga, for dei synest ikkje dei får fram det ein ynskjer. På Sinnes skule synest alle partar at dette fungerer greitt.

Sak 13/15: Kort om uteområdet etter spørsmål frå FAU
FAU lurar på kva midla som var tiltenkt basketballbanen blir brukt til, men dette kan ikkje rektor svara på, for ho har ikkje fått fullt oversyn frå økonomiansvarleg John Birkeland. Det er gitt ny løyving til skjermvegg mot naboar, slik at dette ikkje vert tatt av allereie løyvd økonomisk ramme. FAU presiserer at det er synd om manglande nabovarsel fører til at elevane får eit dårlegare uteområde enn først tenkt.

Sak 14/15: Saker frå FAU, jf. referat

- Stengene til volleyballbanen er retta opp, og òg tatt ned for vinteren pga. snødeponering og slik at ingen kan skada seg på dei under leik.
- Vedlikehaldet må gjerast fortløpande, t.d. øydelagd vippe.
- Dei nye fotballmåla må lagrast forsvarleg slik at dei ikkje vert øydelagde i løpet av vinteren!
- Ein må få fiksa gjerdet ut mot busshaldeplassen!
- Foreldra undrar på om skulen burde teke i bruk "moderne undervisingsformer" som smartboard og iPad. På Sinnes skule har det så langt ikkje vore noko sterkt ynskje om smartboard endå, for det fungerer greitt med PC og prosjektor. Dette er berre eit hjelpemiddel, og det er ikkje dokumentert at slik tavlebruk betrar læringa hos elevane, men det kan vera motiverande. Kostnaden er stor pr. tavle, så det må ev. inn i eit investeringsbudsjett.

Skulen ynskjer klassesett av nettbrett/ iPad, men sidan heile PC-parken måtte byttast ut dette året, vart det ikkje pengar til dette. Det bør kunna gå

neste budsjettår, og ein arbeider vidare med saka. Det var semje om å prioritera nettbrett framfor elektroniske tavler.

- f) Ad språkbruk på ungdomsskulen forklarte rektor at det ikkje var gitt merknader på den aktuelle saka, men at det vart tatt opp i klassen kvifor noko vart kalla banning (misbruk av Guds ord som blir omskrive) og at det er eit teikn på dårleg ordforråd når ein stadig bannar. Det er vanskeleg å laga ei liste på kva som er banning og kva som ikkje er banning, for der kan det vera ulike grenser. Det såg me då elevrådet laga ei slik liste for nokre år sidan, men elevar får beskjed om dei får merknad. Ein elevrepresentant meinte at ein visste kva reglane på skulen var, og at ein då let vera å banna.
- g) Det er eit problem å få alle til å dusja på skulen, og rektor har fått tilsegn om at det er råd å hengja opp forheng, så det må gjerast snarast. Opphenget må vera senka noko ned frå taket slik at ein kan hengja handkledet over. Det er viktig at både små og store på skulen og på kveldstid dusjar både før og etter pga. hygien! Dette er ei sak å snakka om både for skulen og heimen i dagens samfunn der ein fokuserer på kropp og kroppsbilete i alle samanhengar.

Sak 15/15: Anna:

a) Ynskje frå ungdomsskuleelevane

Det er ynskjeleg med ei skyvedør framfor leskuret på garasjetilbygget slik at det ikkje kjem inn snø. Det regnar ikkje inn, og nokon meinte det ikkje kom til å bli eit problem, så me ventar til me har prøvd ein vinter.

b) Skulegudstenester i skuletida

Det er kome ei oppdatering frå Utdanningsdirektoratet om gudstenester i skuletida datert 13. november 2015. Dei rår skulane til å organisera deltaking ved at elevane aktivt melder seg på, og at det bør vera samtidig påmelding til gudstenester og alternative tilbod. Dei presiserer òg at fritak omfattar øving til gudsteneste.

Å vera med på ei gudsteneste er ein del av kultur- og tradisjonsformidlinga i skulen, og SMU var samde om at:

- det vert eit punkt på "Samtykke frå foreldra" i 1., 5. og 8. klasse
- det vert opplyst i månadsbrevet i passeleg tid før gudstenesta med tydeleg frist der foreldre/føresette gjev beskjed om eleven ikkje skal vera med på gudstenesta

Elevar som får fritak for å vera med på gudsteneste, får eit alternativt tilbod på skulen.

Og då hadde me gått gjennom alle sakene samla, så det vart ikkje noko eige SU-møte...

Nytt møte i SMU og SU tysdag 26. januar 2016 kl. 08.45 - 10.20.

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur.